

STATSFORVALTEREN I VESTLAND  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Dykkar ref.: 2022/12611  
Vår ref.: 22/45667-2  
Saksbehandlar: Katarina Parteka Aarsnes  
Dato: 04.10.2022

## **Krav til fagleg ansvarleg si spesialisering etter psykisk helsevernforskrifta § 5 og moglegheit for dispensasjon**

Helsedirektoratet viser til brev frå Statsforvaltaren i Vestland av 23. september 2022.

Statsforvaltaren spør om overlege som er spesialist i rus- og avhengigheitsmedisin kan utpeikast av verksemda til å vere fagleg ansvarleg for vedtak i psykisk helsevern dersom vedkommande får opplæring og rettleiing frå psykiater, eller om statsforvaltarane kan gi dispensasjon til denne type helsepersonell til å vere fagleg ansvarleg. Dersom det kan gjevast dispensasjon, spør statsforvaltaren om kva kompetanse vedkommande skal eller kan ha, og kva krav som stillast til opplæring og oppfølging.

Det følgjer av psykisk helsevernforskrifta § 5 andre ledd at fagleg ansvarleg "skal være spesialist i psykiatri eller barne- og ungdomspsykiatri". Dette er den relevante spesialiseringa som er kravd for at fagleg ansvarleg skal reknast å ha nødvendig kompetanse til å gjere vurderingane som ligg til fagleg ansvarleg i det psykiske helsevernet. Difor er det Helsedirektoratet si vurdering at regelen ikkje gir opning for at legespesialistar eller psykologspesialistar med annan spesialitet kan vere fagleg ansvarleg for vedtak i det psykiske helsevernet.

Statsforvaltaren viser til Helsedirektoratets brev av 1. mars 2022 om statsforvaltarane si mynde til å dispensere frå forskrifta § 5 i tilfelle der legar har att mindre enn to år av spesialistutdanninga i psykiatri. Det kjem ikkje fram i brevet om statsforvaltarane kan gi dispensasjon til å vere fagleg ansvarleg for vedtak til andre spesialistar eller til nokon som er i gang med annan spesialistutdanning enn psykiatri. Statsforvaltaren spør om dei kan gi dispensasjon til legespesialistar eller psykologspesialistar med annan spesialitet enn omtalt i § 5.

Moglegheita for dispensasjon som kjem fram i nemnde brev er vanlegvis meint for tilfelle der behovet for dispensasjon skuldast forbigåande mangel på personell som fyller krava i forskrifta. Dette er ei opning som skal brukast i unntakstilfelle. Helsedirektoratet meiner den ikkje kan utvidast til å vere ein dispensasjonsregel som gjeld legespesialistar eller psykologspesialistar med andre spesialiseringar enn psykiatri, då dei ikkje har den nødvendige kompetansen til å vere fagleg ansvarleg i det psykiske helsevernet.

### **Helsedirektoratet**

Avdeling helserett og rettssaker

Katarina Parteka Aarsnes

Postboks 220 Skøyen, 0213 OSLO • Besøksadresse: Vitaminveien 4, Oslo • Tlf.: (+47) 47 47 20 20

Org.nr.: 983 544 622 • postmottak@helsedir.no • www.helsedirektoratet.no

Med helsing

Dag Erlend Reite e.f.  
avdelingsdirektør

Katarina Parteka Aarsnes  
rådgiver

*Dokumentet er godkjent elektronisk*